



VOSSAKLIMA 2030

Kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling

PLANPROGRAM

Vossaklima 2030 skal setja mål som inneber at Voss herad kan nå nasjonale målsetjingar, og bidra konkret og konstruktivt til at Vestland fylkeskommune vert leiande i klimaomstilling og grøn verdiskaping.

Planprogrammet gjer greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, deltagarar, opplegg for medverknad og behov for utgreiingar.

Innhald

INNLEIING.....	2
BAKGRUNN.....	2
KVIFOR PLANPROGRAM?	2
FORMÅL MED PLANARBEIDET	3
RAMMER FOR ARBEIDET – GJELDANDE POLITIKK.....	4
INTERNASJONALE OG NASJONALE FØRINGAR.....	4
REGIONALE FØRINGAR OG FORVENTNINGAR	4
KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL.....	5
KOMMUNEN SI ROLLE I KLIMAARBEIDET.....	6
STATUS FOR KLIMAUTFORDRINGANE I VOSS HERAD.....	7
EIT HEILSKAPLEG KUNNSKAPSGRUNNLAG	7
SEKTORFODELTE UTSLEPP PER ÅR 2009 - 2018	7
PLANTEMA.....	8
VOSS SOM PÅDRIVAR FOR NULLUTSLEPP	8
KLIMATILPASSING	8
GRØN OMSTILLING	9
AVGRENSING MOT ANDRE PLANAR	9
PLANPROSESSEN.....	10
ORGANISERING AV ARBEIDET.....	10
MEDVERKNAD OG FORANKRING.....	10
FRAMDRIFT	11
UTGREIINGSBEHOV.....	11
Vedlegg:	
VOSSAKLIMA 2030 – MEDVERKNAD HAUST 2021	12

Innleiing

Klimaendringar er ei av dei største utfordringane verda står overfor, og råkar alle samfunnsområde. Sjølv om utfordringar knytt til klima er globale, er det ei utfordring med store lokale konsekvensar.

FN sitt klimapanel skisserer eit behov for å halvere klimagassutsleppa innan 2030 for å nå måla i Paris-avtalen. Dette har ført til at også nasjonale og regionale mål har blitt meir ambisiøse, samstundes som ny forsking og rapportar skildrar alvoret ved å ikkje setje i verk tilstrekkelege tiltak.

For oss vert klima ein sentral del av risikobiletet i framtida. Me kan venta auka nedbør, meir ekstremvêr, temperaturendringar og andre gradvise endringar som kan få store konsekvensar for helse, landbruk, reiseliv, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. Dette gjev nye utfordringar for planlegginga og eit nytt risiko- og sårbarheitsbilete som påverkar samfunnsutvikling, næringsliv og kvardagsslivet til folk. Samstundes vil det vera eit stort potensial for auka verdiskaping og næringsutvikling i utvikling av gode løysningar for klimatilpassing.

Bakgrunn

I Voss herad sin [planstrategi](#) står: *Utfordringar knytt til klimaendringar er krevjande og inneber at det lyt takast konkrete grep.* I planperioden skal det utarbeidast kommunedelplan for klima og klimatilpassing, og ein temoplan for naturmangfald (oppstart 2022).

Vidare står det i planstrategien at arbeidet med kommunedelplanen vil ta utgangspunkt i arbeidet Vestland fylkeskommune startar opp med regional klimaplan og klima- og energiplan for Voss kommune. Handlingsplan for reduksjon i klimautslepp, strategi for flaumsikring av Vossovassdraget, strategi for bruk og handtering av plast i Voss herad og klimabudsjett og -rekneskap skal integrerast i kommunedelplanen.

Grøn omstilling er integrert som tema i planarbeidet for å synleggjera at det er trøng for ei generell samfunnsendring skal me klara å motverka klimaendringane. Samstundes gjev *grøn omstilling* rom for ei meir proaktiv rolle i arbeidet med å nå klimamåla.

Planen vert i det vidare arbeidet omtala som «Vossaklima 2030»

Kvífor planprogram?

For kommunedelplanar skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planen (jf. PBL §4-1 og §11-13). Planprogrammet skal gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar, deltakarar, opplegget for medverknad og behov for utgreiingar.

Planprogrammet vert slik ein slags «plan for planen». Formålet er å leggja til rette for ein open planprosess som sikrar brei og føremålstenleg medverknad og involvering frå alle relevante partar gjennom heile prosessen, med mål om å skapa ein plan som er godt forankra i heile kommunen.

Forslag til planprogram vart sendt ut på høyring og offentleg ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Me har motteke seks høyringsinnspel og styrka planprogrammet i tråd med innspela.


Formål med planarbeidet

Planarbeidet omfattar utarbeiding av kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling – Vossaklima 2030. Vossaklima 2030 skal setja mål som inneber at Voss herad kan nå nasjonale målsetjingar, og bidra konkret og konstruktivt til at Vestland vert leiande i klimaomstilling og grøn verdiskaping. Å redusera klimagassutsleppa samstundes som me tilpassar oss dagens og framtida sitt klima – og tek vare på naturmangfaldet, vil innebera ei brei samfunnsendring.

Vossaklima 2030 skal innehalda strategiar og tiltak for korleis me i samspel med innbyggjarar og næringsliv kan redusera heradet sitt klimafotavtrykk. Samstundes som planen skal syna korleis Voss herad som organisasjon kan redusera utslepp og bidra til grøn omstilling, skal den og svara på korleis heradet kan arbeida for at innbyggjarane våre og næringslivet kan bidra i ynska retning.

Mål og tiltak i Vossaklima 2030 skal også ha merksemd på sosial ulikskap i helse og eit fokus på at levekår eller livskvalitet hjå innbyggjarane våre ikkje vert forringa.

Arbeidet med både plan, strategiar og tiltak skal heva kompetansen i heradet og gjera oss betre kvalifisert til å omsetja kunnskap og løysa utfordringar knytt til klima, klimatilpassing og det grøne skiftet.



Klimaendringane medfører endra levevilkår for dyr og plantar noko som truar naturmangfaldet. Voss herad skal utarbeida eigen temaplan for varetaking av naturmangfald, men Vossaklima 2030 vil likevel sjå klimaendring og naturmangfald i samanheng og ha fokus på å styrka integrering av naturmangfald i alt klimaarbeid.

Arbeidet med Vossaklima 2030 vil leggja vekt på samarbeid om langsiktige mål, samstundes som det vert utgreia kva tiltak som kan gjennomførast på kort sikt.

Vossaklima 2030 skal danna grunnlag for vidare arbeid med Voss herad sitt klimabudsjett og klimarekneskap som igjen vert ein integrert del av heradet sin økonomiplan. Mål og tiltak som vert fastlagt i Vossaklima 2030 vil også kunna innebera føringar for rullering av kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel) og arealforvaltning elles.

Rammer for arbeidet – gjeldande politikk

Internasjonale og nasjonale føringer

Noreg har, saman med nesten alle landa i verda, forplikta seg gjennom [Parisavtalen](#) til å kutta i utslepp av klimagassar. Parisavtalen var eit vendepunkt for verdssamarbeidet på klimaområdet og representerer, saman med FNs klimakonvensjon, eit solid rammeverk for framtidig global klimainnslags.

Målet i Parisavtalen er å halda auken i den globale gjennomsnittstemperaturen godt under 2 gradar samanlikna med før-industrielt nivå og arbeida for å avgrensa temperaturauken til 1,5 gradar. Evna til å handtera skadeverknadene av klimaendringane skal styrkast i alle land, og finansstraumar skal stå meir i samsvar med ei klimarobust lågutsleppsutvikling. Parisavtalen gjeld alle land, sjølv om det er forventa at dei rike landa gjer mest. Noreg har meldt inn ei forplikting under Parisavtalen om å redusera utsleppa av klimagassar med minst 50 og opp mot 55 prosent innan 2030 samanlikna med 1990. Dette er eit avgjerande steg på vegen mot at Noreg skal bli eit lågutslepssamfunn i 2050.

EU vedtok i desember 2020 å auke klimamålet sitt frå minst 40 prosent til minst 55 prosent utsleppsreduksjon innan 2030.

I [Klimaplan for 2021 - 2030](#) varsler Regjeringa at verkemiddelbruken knytt til korleis Noreg skal nå klimamålet for 2030 vil verta vurdert jamleg og at ny klimamelding kjem i 2024.


[Klimakur 2030](#) gjev oversikt over ulike tiltak og verkemiddel som kan gje minst 50% reduksjon i ikkje-kvotepliktige utslepp i 2030 samanlikna med 2005

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing og statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging konkretiserer dei nasjonale forventningane til planlegging for desse tema.

Regionale føringer og forventningar

[Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024](#) gjev ein felles kurs for å inkludera, inspirera og mobilisera Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Sjølv om alle berekraftsmåla er viktige skal innsats på kort sikt prioriterast der utfordringane og moglegheitene er størst.

I utviklingsplanen er mål og strategiar på klima- og miljøområdet definert slik:



Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.

Strategiar for å nå målet er knytt til;

*Vestland som pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.

*Sikring av infrastruktur og forvaltning av viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

*Nytta offentlege innkjøp for å bidra til å nå klima- og miljømåla.

Vinteren 2020 starta fylkeskommunen opp arbeidet med [Regional klimaplan for Vestland](#) for at Vestland fylke skal posisjonera seg som leiande i klimaomstilling og grøn verdiskaping.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Visjonen til Voss herad om å vera eit sterkt regionalt regionsenter med levande bygder skal me nå gjennom å vera attraktiv, innovativ og inkluderande. Arbeidet vårt skal byggja på FN sine berekraftsmål.



FN sine berekraftsmål er her framstilt i ein pyramide der dei ulike nivåa vert integrert i kvarandre og «alt heng saman med alt»¹.

Miljø- og klimamåla dannar fundamentet for dei sosiale og økonomiske berekraftsmåla. Det er ein nær samanheng mellom fysiske og sosiale miljøfaktorar, og mellom desse og folk sine levevanar og folkehelsa. Natur, klima og miljø legg rammene for gode liv og god folkehelse.

Samarbeid for å nå dei mange måla er viktig.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er klima lyfta fram som eitt særleg satsingsområde. Her står:

Voss herad skal handla no for å motverka klimaendringane og konsekvensane av desse

Me skal styrkja evna til å stå imot, og tilpassa oss klimarelatert fare og naturkatastrofar (13.1). Klimaendringar vert ein sentral del av risikobiletet i framtida, og me kan venta auka nedbør, meir ekstremvêr og andre gradvise endringar som kan få store konsekvensar for helse, landbruk, samferdsle, bygg, anlegg og naturmangfald. I tillegg kan det få store konsekvensar for kvar innbyggjarar kan byggja hus og etablera seg. For Voss herad er utfordringar knytt til flaum og flaumsikring viktig å prioritera i åra som kjem. Endra klima og meir ekstremvêr vil innebera hyppigare hendingar med flaum, ras, skred (snø, jord og leire). Dette vil krevja auka ressursar og innsats.

Me skal innarbeida tiltak mot klimaendringar i heradet sin politikk, strategiar og planlegging (13.2). Ny risiko og sårbarheitsanalyse (Vossalos) skal utarbeidast i løpet av planperioden. Voss herad skal vera opptatt av samvirke og utvikling innan samfunnsikkerheit og beredskap, og me skal nytta nye digitale verktøy i arbeidet. *Me skal styrkja alle, innbyggjarar og institusjonar, si evne til å motverka, tilpassa seg og redusera konsekvensane av klimaendringar og deira evne til tidleg varsling, samt styrka kunnskap og bevisstgjering kring dette (13.3).*

Næringsutvikling i Voss herad skal byggja på berekraftig ressursforvaltning. Me vil arbeida for at Voss og Hardanger er eit grønt reisemål i framtida.



¹ Kredittering: Azote Images for Stockholm Resilience Centre, oversatt av Vestland Fylkeskommune

Kommunen si rolle i klimaarbeidet

I tillegg til overordna nasjonale mål og regionale føringer er det og tydelege føringer for kommunen sitt arbeide med klimaomstilling gjennom oppdatert lovverk og retningslinjer, m.a. i nye statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. I tilrettelegginga og utviklinga av «det grøne skiftet» skal kommunane aktivt bidra til reduksjon av klimagassutslepp og auka miljøvennleg energiomlegging. Samstundes skal samfunnet bu seg på og tilpassa seg dei klimaendringane som kjem uansett (klimatilpassing).

I Klimakur 2030 er kommunen si rolle skildra slik:

«Kommunene kan i stor grad påvirke utslipp fra egen virksomhet, for eksempel utslipp fra egne kjøretøy, bygg- og anleggsvirksomhet og gjennom klimakrav i innkjøp. Det største potensialet har kommunen imidlertid gjennom å påvirke gjennomføringen av klimatiltak hos andre aktører. »

Kommunen har ulike roller som er relevante i klimaarbeidet:

- Rolla som samfunnsutviklar – pådrivar, tilretteleggjar og samarbeid med innbyggjarar og næringsliv
- Rolla som myndigheitsutøvar – planmynde, tilskotsforvaltar
- Rolla som tenesteleverandør – ma. innan utdanning, helse, omsorg, kollektivtrafikk
- Rolla som eigar og driftar – bygg, infrastruktur, skog, eigen transport, kommunale selskap, fondsplassering
- Rolla som innkjøpar av varer og tenester.

I fylge [Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpasning](#) står kommunen fritt til å velje tema i planen, men det vert lagt føringer på kva som bør vere med i ein klima- og energiplan:

- Informasjon om klimagassutslepp i kommunen, fordelt på kjelder og sektorar.
- Informasjon om energisystem, energiforsyning og forbruk av energi innan kommunen sine grenser, og som viser tilgang på miljøvennlege energiressursar.
- Framskriving av utslepp i kommunen med framlegg til tiltak.
- Ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar.
- Ambisiøse mål for meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging i communal bygningsmasse og i kommunen elles.
- Tiltak og verkemiddel for reduksjon av klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging.
- Utgreiing av verkemiddel som me kan tenkja å nytta for å nå målsettingane.
- Handlingsprogram med tydeleg ansvarsfordeling for oppfølging av klima- og energiplanen.



Oppfølging gjennom arealforvaltning og føringer for dette vil og verta tema for planarbeidet.

Status for klimautfordringane i Voss herad

Eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag

Voss herad har oppdatert tal og fakta knytt til stoda innan klima og energi i heradet per i dag .


Kunnskapsgrunnlaget vil verta arbeidd vidare med gjennom heile planprosessen og styrka med m.a. framskrivingar relatert til mogelege scenario.

Vidare er det tinga ei analyse² som vil syna oss kor berekraftige me faktisk er i dag i forhold til korleis dei mange berekraftsmåla er implementert allereie. Analysen vil verta viktig både for å sjå korleis berekraftsmål relatert til klima og miljø samspelar med dei andre berekraftsmåla - og som grunnlag for utarbeiding av relevante indikatorar.



Sektorfordelte utslepp per år 2009 - 2018

Miljødirektoratet har sidan 2009 levert statistikk for kommunane sine geografiske klimautslepp. For Voss ser utviklinga slik ut:



Klimarekneskap frå desse kjeldene vil utgjera grunnlag for mogelege strategiar og tiltak i Vossaklima 2030: Klimarekneskap knytt til Voss herad som verksemد, klimarekneskap for heradet som geografisk område og klimafotavtrykk frå kommunen sine innbyggjarar.

Kunnskapsgrunnlaget gjev ei meir grundig framstilling av tal og statistikk knytt til utsleppskjelder, energiforbruk, energiproduksjon mm.

² [KPI-analyse ved United 4 Smart Sustainable Cities \(U4SSC\)](#)

Plantema

Vossaklima 2030 vil ta utgangspunkt i dei utvalde berekraftsmåla knytt til satsingsområdet «Klima og klimatilpassing» og til overordna mål og strategiar forankra i kommuneplanen sin samfunnssdel. I tråd med innspel på utkast til planprogram, er no også berekraftsmåla 3 »*god helse*», 4 »*god utdanning*» og 10 »*mindre ulikskap*» tatt med i det vidare arbeidet. Dette for å synleggjera kva rolle utdanning for framtida sin nullutsleppsgenerasjon vil ha, og for å styrka fokus på klimarettferd og sosial ulikskap i klimaarbeidet.



Alle plantema vil ta utgangspunkt i ei vurdering av kva [klimarisiko](#) heradet kan vera utsett for.

Satsingane er:

Voss som pådrivar for nullutslepp

- Setja ambisiøst mål for utsleppsreduksjon 2030³
- Utarbeida handlingsplan med konkrete tiltak for å nå måla (energieffektivisering, utsleppskutt, omlegging, etc)
- Utarbeida klimabudsjett og rekneskap
- Skapa bevisst forhald til klimafotavtrykk i eigen organisasjon
- Nyttar offentlege innkjøp for å bidra til å nå klimamåla
- Utarbeida strategi for handtering av plast i Voss herad


Klimatilpassing

- Sikra infrastruktur og forvaltning av natur, landskaps- og kulturverdiar
- Skogsbruket si rolle i klimatilpassingsarbeidet
- Utarbeida strategi for flaumsikring av Vossovassdraget

³ Kva utsleppsmål Voss herad skal ha fram mot 2030 vert fastlagt i vidare arbeid med planen og byggja på oppdatert kunnskapsgrunnlag med framskrivingar av utsleppsbana og oversikt over kva tiltak/verkemiddel som lyt realiserast for å nå utsleppsmålet. Nasjonal målsetjing og regionale forventningar vert likevel førande, noko som i realiteten inneber at Voss herad sitt utsleppsmål vil liggja ein stad mellom 55% - 100% reduksjon i utslepp.

Grøn omstilling

- Styrka satsing på klimakommunikasjon og auka klimakunnskap
- Bidra til at det grøne skiftet vert grunnlag for verdiskaping i lokalt næringsliv
- Landbruket si rolle i omstillingsarbeidet
- Styrka satsing på gang-/sykkelvegløysingar og ha fokus på klimavenleg arealbruk
- Utdanna for framtidas nullutsleppsgenerasjon



Avgrensing mot andre planar

Å ta grep for å møta utfordringane knytt til klima og miljø vert sett som ein viktig premiss for all vidare samfunnsutvikling. Slik vert Vossaklima 2030 viktig i utforming av alt vidare planverk i Voss herad.

Særleg viktig vert Vossaklima 2030 i utforminga av:

- VossaROS (risiko og sårbarheitsbilete)
- Plan for strategisk næringsutvikling (grøn omstilling)
- Ivaretaking av naturmangfald (sikra karbonrike areal – skog, fjell, våtmarksområde og kantsona mot vassdrag)
- Rullering av kommuneplanen sin arealdel (samanhengen mellom klimaarbeidet og bustad, areal og transportlegging.)
- Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel
- Økonomiplan og klimabudsjett (årleg rullering)
- Arealforvaltning og handsaming av private forslag

Planprosessen

Organisering av arbeidet

Utval for klima og miljø (UKM) er **politisk styringsgruppe** for arbeidet med Vossaklima 2030 og vil verta involvert i avgjerds- og orienteringssaker undervegs i planprosessen. Endeleg planprogram vert og presentert Formannskapet. Heradsstyret gjer endeleg vedtak på kommunedelplanen etter offentlege høyringsrundar.

Rådmannen si leiargruppe vil fungere som **administrativ styringsgruppe** og vert jamleg orientert undervegs i planprosessen.

Det er oppretta ei intern **arbeidsgruppe** som har ansvar for utforming av kommunedelplan med handlingsplanar og strategiar, koordinering og involvering av eksterne aktørar, og framdriftsplan for arbeidet. Arbeidet vert leia av stabsavdeling for strategi og styring v/Gunnhild Utkvitne. Øvrige representantar i arbeidsgruppa er Kjersti Næss Finne (plan), Kari Mostad (landbruk), Bjarne Løne (drift) og Ellen Trulsdatter Astrup (klima- og miljø).

For å sikra at arbeidet med Vossaklima 2030 vert forankra i heile kommuneorganisasjonen («*klima i alt me gjør*») vert det etablert ei **intern referansegruppe** med representantar frå alle tenesteområda slik: Tor H. Halvorsen (kommunikasjon), Silje H. Lund (innovasjon), Nils Helge F. Kvamme (folkehelse, friluftsliv), NN (bygg og eigedom), Elisabeth Lillegraven (prosjekt og utvikling), Maria Eknes (beredskap), Anne Underdal (oppvekst/ skule), Frøydis Solbakk (oppvekst/ barnehage), Gullborg Rekke (helse og omsorg), Ritha Helland (kultur), Anders Gjeraker (rep for hovudtillitsvalde) og Klimateam Voss herad⁴.

Ei **ekstern referansegruppe** vert ein viktig ressurs i å gje tilbakemelding på utforming av Vossaklima 2030, på realistiske tiltak for klimatilpassing, reduksjon i klimagassutslepp og grøn omstilling.

Fylgjande vert invitert inn i ekstern referansegruppe: Voss Naturvernlag, Natur og Ungdom, Voss Utferdsdag, Voss Bondelag/ Bonde og småbrukarlag, Voss Energi, IHM, representantar frå Ungdomsrådet og Utval for klima og miljø, representant frå «berekräftig reiseliv», Klimapartner Vestland, Vestland Fylkeskommune, Statens Vegvesen, Bane Nor og Nærøyfjorden verdsarvpark/ verneområdeforvaltinga .

Medverknad og forankring

Lovmessige krav til medverknad i planprosessar er skildra i plan- og bygningslova kapittel 5, og krav til medverknad ved utarbeidning av planprogram vert utdjupa i PBL §§ 4 – 1 og 11 – 13. Oppstart av planarbeidet med kommunedelplanen vart varsla samstundes med at forslag til planprogram vart sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn (22. april – 14. juni).

⁴ Klimateam Voss herad skal koordinera all innsats på klima- og energiområdet i Voss herad. Kommunalsjef for tekniske tenester Torbjørg Austrud, leiar for planavdelinga Berit- Marie Galaaen, stabssjef strategi og styring Liv Myklebust, beredskapskoordinator Maria Eknes, klima- og miljørådgjevar Ellen T. Astrup og Gunnhild Utkvitne deltek i gruppa.



Det vert lagt stor vekt på å ha ein open planprosess for å motivera folk flest til engasjement og eigarskap i planarbeidet.

Heradet vil nytta både heimesida og sosiale media aktivt til informasjon og dialog, samstundes som lokalavisa vert invitert inn til å ta del i arbeidet.

I samband med utarbeiding av Vossaklima 2030 vert det lagt opp til brei medverknad med ei rekke aktivitetar frå juni 2021 til april 2022. Det er mellom anna ynskje om å blåsa liv i Bygdalab-konseptet og invitera til Klimacafé der forskjellige tema vert tatt opp. Det vil dessutan vera ei særlig satsing på å få born og unge til å delta aktivt i arbeidet, dette gjennom initiativ retta både mot barnehage, skular og ungdomsklubbane våre (*oversikt over planlagde aktivitetar hausten 2021 i vedlegg*).

Planutkast til Vossaklima 2030 vil og verta diskutert i [Regionalt planforum](#) våren 2022.

Framdrift

Aktivitet	Tidspunkt
Varsel om oppstart av planarbeidet	
Utkast til planprogram vert presentert UKM	20. april 2021
Høyringsperiode planprogram	26. april – 14. juni 2021
Etablere referansegrupper	Juni - august
Endeleg planprogram vert presentert politisk nivå	UKM 24. august 2021 FPL 26. august 2021
Oppdatere kunnskapsgrunnlag	Juni 2021 – mai 2022
Medverknadsprosesser	
Utforma utkast til plan	
Regionalt planforum	Mars - april 2022
Politisk handsaming Vossaklima 2030	Mai 2022
Høyring og offentleg ettersyn	Mai/ juni 2022
Endeleg politisk handsaming UKM, FPL, HST	August/ September/ oktober 2022

Utgreiingsbehov

Voss herad har oppdatert tilgjengeleg statistikk knytt til klima- og miljøutfordringane med utgangspunkt i tilgjengelege data frå kjelder som SSB, Miljødirektoratet, NVE, Statens vegvesen, Klimapartner og andre. I september tingar Voss herad ei utgreiing som skal syna forskjellige framskrivingar for utslepp i Voss herad og ei oversikt over kva som skal til av tiltak og verkemiddel for å nå forskjellige mål på utsleppsreduksjon. Utgreiinga vil ta utgangspunkt i fylkeskommunen sine utsleppsframkrivingar og utarbeida tiltaksliste, samt Klimakur 2030. Ytterlegare utgreiingsbehov kan verta avdekka i det vidare arbeidet.

Vossaklima 2030 – medverknad haust 2021

- 29.06.21** Oppstart FoU prosjekt for å styrke medverknad i skular og barnehagar
Vossaklima2030 i samarbeid med skular/ barnehagar og Mathew Stiller Reeve
- 10. 09.21** «Vossaminne – med røter og vengjer» - seminar om kulturmiljø, berekraft og gjenbruk
I regi av kommunalavdeling kultur og fritid
- 01.10.21** «Klimathon på 180 minutt» - Politisk verkstad
Vossaklima2030 i samarbeid med Mathew Stiller Reeve
- 26.10.21** Klimacafè Last Tuesday – korleis skapa grøn omstilling i næringslivet?
Vossaklima2030 i samarbeid med Næringshagen på Voss, Klimapartner Vestland og arbeidsgruppa for utarbeidning av plan for strategisk næringsutvikling
- November** «Gjenbruk og ungdom» - temamånad
Vossaklima2030 i samarbeid med ungdomsklubben Vangsgryto, kulturskulen, biblioteket og innleigde
- 07.12.21** Klimacafè «Fakta på bordet» - kor berekraftig er Voss herad og kva vil det kosta oss å nå måla?
Vossaklima2030 i samarbeid med innleigde konsulenter

NB: Det kan koma endringar i programmet.

